



Rådmannen er positiv til eit bustadhus nummer tre, men ikkje til frådelling. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag skal forvaltningskomiteen handsama søknaden frå Tormod Myklebust om frådelling av eit halvt mål tomt for bygging av bustadhus nummer tre..
Administrasjonen er positiv til bygging av eit slikt hus på garden, men meiner det ikkje bør gjevast løyve til frådelling.

Difor går rådmannen inn for at søknaden skal avslås og at det ikkje skal gjevast dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan.

Eit vilkår for å kunne tilrå dispensasjon vil vere at huset vert plassert på framsida av dagens hovudhus og nærare vegen, ikkje innerst i tunet.

Det er i dag to bustadhus på bruket, men det eldste er gammalt og ikkje brukande etter dagens krav. Dessutan ligg det vegg i vegg med dagens hovudhus.

I saksutgreiinga skriv administrasjonen ellers at den ikkje i denne saka kan sjå at det er samfunnsinteresser av stor vekt som taler for deling. Deling vil kunne føra til miljø- og driftsulemper ved at ein får eit fritt omsetjeleg hus sentralt i tunet.

Men administrasjonen held fram at det er trong for kårhus på bruket og held fram:.

"Det vert drive ein produksjon der som tilseier at det må vere folk i nærleiken for å sjå til drifta. Kort veg mellom hus og fjøs gjer at ein kan ha tilsyn ofte og med liten innats for å sjå til yra på ulike tier av døgnet. Deling vert foretrukke av eigarane fordi det vil vere ønskeleg ut frå omsynet til kva pantegrunnlag det er i gardsbruket ved ein seinare investering. Økonomiske vurderingar vert i liten grad teke omsyn til ved handsaming etter jordlova.

Administrasjonen er positiv til bygging av kårhus, men meiner det ikkje bør gjevast løyve til frådelling. Plassering av kårhus må vurderast nærrare slik at eventuelle ulemper for bruket vert minimalisert. Det er ikkje mangel på alternative tomter i området".

Av Ola Matti Mathisen